



DET KONGELEGE FORNYINGS-  
OG ADMINISTRASJONSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 53

(2007–2008)

## Om endringer i statsbudsjettet 2008 - Nytt operahus

*Tilråding frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 18. april 2008,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen vert det foreslått å auke løyvinga på kap. 1580 Bygg utanfor husleigeordninga, post 33 Vidareføring av byggjeprojekt med 150 mill. kroner i samband med slutføringa av Prosjekt Nytt Operahus .

I tillegg vert det gjort greie for operaens omgivnader og midlertidige tiltak som vert sette i verk for å få tilfredsstillande omgivnader i perioden fram til ein kan få realisert permanente løysingar.

### 2 Status for Prosjekt Nytt Operahus

I St.prp. nr. 1 (2007-2008) Fornyings- og administrasjonsdepartementet vart det gjort greie for at kostnadsramma og styringsramma for Prosjekt Nytt Operahus er sett til høvesvis 4 356 mill. kroner og 3 836 mill. kroner med prisbasis 1. juli 2008. Samstundes vart det lagt fram forslag om å løyve 492 mill. kroner til prosjektet.

I St.prp. nr. 6 (2007-2008) Om endringer i statsbudsjettet for 2007 under Fornyings- og administrasjonsdepartementet, jf. Innst. S nr. 81(2007-2008) vart løyvinga for budsjettåret 2007 auka med 150 mill. kroner. Samstundes vart Stortinget orientert om at trongen for løyving i budsjettåret 2008 ville bli redusert med tilsvarende 150 mill. kroner, frå 492 mill. kroner til 342 mill. kroner. Denne reduksjonen er enno ikkje lagt fram og vedteken av Stortinget.

Trong for løyving til prosjektet i 2008 er no rekna ut til 642 mill. kroner, dvs. 150 mill. kroner meir en løyvinga i saldert budsjett 2008. Det er samstundes trong for å auke styringsramma med 300 mill. kroner frå 3 836 mill. kroner til 4 136 mill. kroner. Det vil då stå att 220 mill. kroner av uvisseavsetninga.

Det er per 31. mars 2008 utbetalt 3 690 mill. kroner, mens forplikta beløp utgjer 3 929 mill. kroner. Byggjeprojektet er i hovudsak ferdigstilt. Attståande arbeid gjeld publikums-, sal- og sceneområda. Arbeid som står att per 31. mars er i hovudsak uttesting og feilretting av elektrotekniske anlegg, kompletteringsarbeid på teatertekniske anlegg og regulering av ventilasjonsanlegg. Det vil i tillegg vere naudsynt å slutføre ulikt kompletteringsarbeid i Den Norske Opera og Balletts ferieperiode. Det formelle overtakingstidspunktet for tekniske fag er kontraktfesta til 1. juni 2008, medan tilsvarende dato for teatertekniske leveransar er 1. oktober 2008. I tillegg til den reint tekniske ferdigstillinga og godkjenning av utstyret er det stor merksemd på opplæring av Den Norske Opera og Ballett sine tilsette i bruken av det teatertekniske utstyret.

### 3 Årsaka for trong til auka løyving

For å oppretthalde nødvendig produksjon på byggeplassen reforhandla Statsbygg hausten 2007 kontraktane med fire sentrale entreprenørar frå

entreprisekontraktar til avtalar om rekningsarbeid. Dette gav Statsbygg høve til naudsynt påverknad av framdrift gjennom høve til pålegging av overtid, omdisponering av ressursar og ikkje minst høvet til å påleggje entreprenørane å skaffe fleire ressursar. Vidare vart då trongen for å bruke tid og ressursar på kontraksrelaterte spørsmål minimert, noko som i større grad gjorde det mogleg for Statsbygg å ha merksemd på effektivitet på byggeplassen. Hadde Statsbygg valt ikkje å reforhandle dei aktuelle kontraktane, kunne det medført forlengd byggetid og dermed auka kostnader. Forseinking av sentrale kontraktar ville dessutan forseinke andre arbeid og gjennom dette gi auka kostnader for prosjektet totalt sett.

På reforhandlingstidspunktet var det økonomisk handlingsrom i prosjektet til å dekkje inn dei meirkostnadene som vart estimerte. I månads-skiftet oktober/november 2007 varsla likevel entreprenørane som det var inngått reforhandlede avtalar med, at omfanget av attståande arbeid var vesentleg meir omfattande enn kva som var lagt til grunn i dei reviderte avtalane. Statsbygg har totalt inngått 54 byggekontraktar. Av desse er det gjennomført sluttoppgjær for 9 kontraktar, medan det er motteke slutfakturaer frå ytterlegare 10 entreprenørar. I tillegg kjem ei tvistesak med Veidekke Entreprenør AS som det blir gjort greie for i eit eige avsnitt nedanfor. Ut over desse kjem eit monaleg tal kontraktar med arkitekt, rådgivarar, byggeleiing, vakt-hald etc.

### 3.1 Nærmare om auka løyvingar behov

Grunngjeringa for at det trengst auka løyvingar til prosjektet i 2008 ligg hovudsakleg i desse forholda:

- Kompleksitet: Det nye operahuset er ein kompleks bygning med svært avanserte tekniske system. Det har vore utfordrande å få til eit fullstendig prosjekterings- og arbeidsunderlag til rett tid, noko som har medført tilleggsarbeid og at arbeid må utførast på nytt. Seine endringar gir uforholdsmessig store konsekvensar for kostnader og framdrift. Dei tekniske leveransane er nært knytte til og integrerte med kvarandre. Forseinkingar på éin kontrakt gir normalt derfor òg konsekvensar for tilstøytande kontraktar. Ressursar hos entreprenørar med serviceliknande oppgåver – t.d. vakthald, stillasleveransar, malarar og reinhaldarar - må reserverast i lengre tid enn planlagt og dette fordyrar prosjektet.
- Effektivitet: Dagens marknadssituasjonen har resultert i skort på fagpersonell. Dette har med-

ført at entreprenørane har sett inn mannskap som av ulike grunnar ikkje oppnår ein effektivitet som ein normalt kan forvente. Effektiviteten har gått ned sjølv om Statsbygg som byggherre har hatt ei offensiv oppfølging av kontraktarbeida.

- Forseinkingar: Statsbygg ser i tillegg at forseinkinga på tekniske og teatertekniske fag vil medføre eit ytterlegare behov for uttesting og opplæring, ved at delar av arbeidet må forskyvast til sommarmånadene for å sikre at Den Norske Opera og Ballett kan gjennomføre sitt fastsette program for 2008.
- Prøvedrift: Dei tekniske og teatertekniske kontraktane har ein gjennomføringsmodell med ein prøvedriftsperiode på 6 månader. For tekniske fag vert prøvedriftsperioden avslutta i juli 2008, medan tilsvarande for teatertekniske fag vil vere i oktober 2008. Endeleg overtaking skjer først etter avslutta prøvedrift. Under prøvedriftsperioden vert det normalt avdekt trong for justeringar, kompletteringar og ytterlegare brukartilpassingar. Slike tilpassingar vil generere kostnader, også etter at sceneområda er tekne i bruk av Den Norske Opera og Ballett.

### 3.2 Tvistesak med Veidekke Entreprenør AS

Veidekke Entreprenør AS er blitt tildelt fleire store kontraktar på Prosjekt Nytt Operahus; K212 - Grunnarbeid, K213 - Berekonstruksjonar og K221 - Tett Hus. Alle kontraktar er fysisk gjennomførte og sluttoppgjær er fastsette/utbetalte, med unntak for K213.

Entreprisen K213 - Berekonstruksjonar (Råbygg), som Veidekke Entreprenør AS vart tildelt i juli 2004, starta i august 2004 og vart ferdigstilt og overteken i desember 2005, nokre månader seinare enn opphavleg planlagt. Kontrakten omfatta alle berekonstruksjonar av plasstøyp betong, stålkonstruksjonar og prefabrikerte betongelement. Opphavleg kontraktsum var 247 mill. kroner. Entreprisen var kompleks og ressurskrevjande med store krav til samordning og planlegging.

Veidekke Entreprenør AS oversende slutfaktura 17. mars 2006 på 425 mill. kroner. Dokumentasjonen var omfattande og etter nokre avklaringsmøte sende Statsbygg sitt tilsvar og godkjende eit beløp på 304 mill. kroner.

Differansen mellom partane sine syn var vesentleg, og inneheldt i stor grad samlekrav vedrørende plunder og heft og usemje vedrørende prissetjing av krav. Sommaren og hausten 2006 vart det halde fleire avklaringsmøte og økonomi-

møte på overordna nivå. Partane vart ikkje samde, og Veidekke Entreprenør AS sende stemning 30. november 2006.

Frå dette tidspunktet overtok regjeringsadvokaten den vidare sakshandsaminga for staten. Rettssaka vart planlagd gjennomført i Oslo Tingrett, med start i januar 2008. Partane utveksla prosesskriv, og det vart halde møte på ulike nivå mellom partane. Forsøk på mekling vart gjennomført. Partane har komme fram til ei forliksløysing som inneber ein kompensasjon på 64 mill. kroner med utbetaling seinast 1. mars 2008. Etter 1. mars kjem det i tillegg morarente. I tillegg kjem 1,5 mill. kroner for å dekkje Statsbyggs advokatkostnader. Regjeringa har godkjent forliksavtalen, under føresetnad av at Stortinget godkjenner forslag om auka løyvingar til prosjektet som foreslått i denne proposisjonen.

I tillegg til den omtalte tvistesaka med Veidekke Entreprenør AS har Statsbygg potensielle tvistar med leverandørar av belysningsutstyr. Dei økonomiske konsekvensane av desse sakene er vurderte som relativt avgrensa. Det ligg ikkje føre informasjon i dag som tyder på ytterlegare tvistesaker.

### **3.3 Vurdering av sluttkostnad og forholdet til kostnadsramma**

Slik den økonomiske situasjonen vert vurdert i dag, er det trong for ei overføring frå den overordna uvisseavsetninga til styringsramma på

300 mill. kroner. Styringsramma for prosjektet vil etter dette være 4 136 mill. kroner. Det vil då stå att 220 mill. kroner av uvisseavsetninga. I og med at det framleis er sluttoppgjer som ikkje er ferdige, er det framleis uvisse knytt til endeleg sluttkostnad. Bygget er framleis inne i prøvedriftsperiodar, og det vil gå føre seg uttesting og opplæring i ein periode.

## **4 Området rundt Operabygget**

Reguleringsplanen for Bjørvika vart stadfesta i 2004, men området vil verte ferdig utbygd først i 2015 - 2017. Omlegginga av E18, som er ein føresetnad for byutviklinga, vil etter planen vere ferdig i 2011-12. Dette gir utfordringar for operabygget i fleire år framover. Oslo Havn KF har sagt seg villig til å leige ut området mellom Operagata og E18, som omfattar delar av byggjefelta A8 og A9 i reguleringsplanen for Bjørvika, i ein periode på to år til Statsbygg fram til området skal brukast som anleggsområde for vegomlegging. Oslo Havn KF skal setje i stand området til den standarden som området ved Operabygget elles har fått. Dette vil gi ei akseptabel løysing både for Operaen og publikum inntil det vert etablert meir permanente løysingar. Avtalen er ikkje ferdig framforhandla.

Leigeavtalen vil gi ein årleg kostnad på 1,2-1,5 mill. kroner, dvs. totalt 2,4 til 3,0 mill. kroner. Denne kostnaden vert dekte over kap. 2445 Statsbygg underpost 24.2 Driftsutgifter.

Om endringar i statsbudsjettet 2008 - Nytt operahus

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget Om endringar i statsbudsjettet 2008 - Nytt operahus.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak Om endringar i statsbudsjettet 2008 - Nytt operahus i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2008 - Nytt operahus

### I

I statsbudsjettet for 2008 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1580	33	Byggeprosjekt utanfor husleigeordninga Vidareføring av byggeprosjekt, <i>kan overførast</i> aukes med..... fra kr 1 443 600 000 til kr 1 593 600 000	150 000 000

---